



Møtebok for Formannskapet

Møtedato: 16.02.2016
Møtestad: Strilatun
Møtetid: 10:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Karstein Totland	H	Ordfører
Torill Torsvik Størkersen	AP	Varaordfører
Frode Langhelle	H	Medlem
Siri Tangedal Kratzmeier	Krf	Medlem
Geir Egil Haugsvær	Sp	Medlem

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen, ass. rådmann Sveinung Toft
og konsulent Maud Sleire Holmaas som førte møteboka.

Sakliste

Saknr	Tittel	
010/2016	Godkjenning av innkalling og sakliste	s. 03
011/2016	Godkjenning av møtebok	s. 04
012/2016	Klage på avslag - søknad om dispensasjon - utviding av AK 11 Duesund	S. 05
013/2016	Søknad om dispensasjon frå gjeldande kommuneplan i sjø – utviding av AK6 til oppdrett tareproduksjon	s. 10
014/2016	Folkehelseoversikt Masfjorden kommune 2015	s. 16
015/2016	Melding om oppstart av Temadelplan rehabilitering og habilitering 2016 – 2026 ..	s. 19
016/2016	Melding om oppstart av Temadelplan psykisk helse og rus 2016 – 2026	S. 23
017/2016	Framlegg til reguleringsplan for utviding av Giljane bustadfelt	s. 27
018/2016	Oppstart av arbeid med reguleringsplan for deler av Hosteland Aust	s. 31
019/2016	Oppstart av reguleringsplan for Hostelands vest - kryss Ynnesdalsvegen	s. 34
020/2016	Høyring - interkommunal nærings- og samfunnsplan for Nordhordland	s. 37
021/2016	Drøfting planstrategi for Masfjorden kommune 2016 – 2020	S. 40
022/2016	Unntaksregel for vidareføring av eksisterande sals- og skjenkeløyver i fire nye år .	s. 42
023/2016	Skatteårsrapport 2015	s. 44
024/2016	Utpeiking av representant til overordna samarbeidsutval for Nordhordland	s. 47
025/2016	Referatsak	s. 49
1	Godkjenning av Sandnes skule	
2	Inneklimakartlegging ved Sandnes skule	
3	Protokoll Nordhordlandsting 1-2016, 28. januar.	
4	Spørsmål om arbeidsgjevaravgift og ulike soner og kommunesamanslåing	
5	Spørsmål om forslag til nytt inntektssystem og kommunesamanslåing	
6	Vedr. ny klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland 2015 – 2030.	
7	Protokoll - Teknisk utval - 26.01.2016	
026/2016	Medlemskap i Gulen og Masfjorden Næringshage	s. 51
027/2016	Val av høyringsform – kommunereform	s. 53

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Maud Sleire Holmaas		16/85

Saknr	Utval	Type	Dato
010/2016	Formannskapet	PS	16.02.2016

Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

Saksopplysningar:

Formannskapet - 010/2016

FS - behandling:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss		16/85

Saknr	Utval	Type	Dato
011/2016	Formannskapet	PS	16.02.2016

Godkjenning av møtebok

Vedlegg:

Journalposttittel

Protokoll - Formannskapet - 19.01.2016

Dato

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møtebok vert godkjend.

Saksopplysningar:

Formannskapet - 011/2016

FS - behandling:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Møtebok frå formannskapet 19.01.16 vert godkjend.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Roald Kvingedal	FA - U43	15/421

Saknr	Utval	Type	Dato
003/2016	Formannskapet	PS	19.01.2016
012/2016	Formannskapet	PS	16.02.2016

Klage på avslag - søknad om dispensasjon - utviding av AK 11 Duesund

Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Duesund. Klage p	09.11.2015
Vedtaksbrev - Søknad om dispensasjon - utviding av AK 11 Duesund	19.10.2015
Søknad om dispensasjon frå gjeldande kommuneplan i sjø - Utviding av AK område 11 ved Duesund	08.05.2015
VS Søknader om dispensasjon i frå gjeldande kommun	08.05.2015
Søknad om dispensasjon - utviding av AK 11 Duesund	12.10.2015
VS Søknad om di	13.07.2015
Uttale - Masfjør	05.08.2015
Engesund Fiskeop	18.08.2015
KU Duesund 25-08	25.08.2015

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til vedtak:

I medhald av pbl §19-2 vert søknaden om å dispensera frå arealdelen til kommuneplanen om å utvida AK 11 med ca 170 m i sørvestleg retning, ikkje godkjend.

Grunngjeving

Masfjorden kommune har mottatt klage på formannskapsvedtak nr 094/2015, kommunen ser ikkje att det er kome nye moment til å gje dispensasjon til utviding av AK 11.

.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Saka gjeld klage på Formannskaps vedtak sak nr 094/2015, søknad om dispensasjon – utviding av AK 11 Duesund.

FS - behandling:

Ordfører Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå rådmannen vert samrøystes vedtatt.

FS - vedtak:

Framlegg til vedtak:

I medhald av pbl §19-2 vert søknaden om å dispensera frå arealdelen til kommuneplanen om å utvida AK 11 med ca 170 m i sørvestleg retning, ikkje godkjend.

Grunngjeving

AK 11 v/Duesund vart godkjend i samband med handsaminga av gjeldande kommuneplan. Dersom ein no utvidar området utan brei informasjon til medverknad, for å etablere eit større oppdrettsanlegg, er det ikkje i samsvar med plan- og bygningslova, jfr pbl § 11-17.

Uttale

Søknaden om dispensasjon har vore sendt til uttale hjå statlege styresmakter som vert råka. Fiskeridirektoratet si vurdering: «Flytting av anlegget ved Duesund 100 – 200 meter lenger ut frå land vil etter vår vurdering ikkje få vesentlege konsekvensar for utøving av fiske. Det er ikkje registrert særskilt fiskeområde her, men me tek atterhald for at fortøyningsarrangementa ikkje kjem i berøring med fiskebruksområde som Fiskeridirektoratet har registrert i tilstøytande søområde. Dette er spørsmål vi vil koma attende til i samband med handsaming av eventuell søknad etter Akvakulturloven».

Fylkesmannen i Hordaland si vurdering: «Fylkesmannen rår frå at det vert gjeve dispensasjon til flytting og utviding av akvakulturanlegget AK 11 i Duesund, Masfjorden kommune.

Fylkesmannen vil dersom det vert gjeve dispensasjon, ha vedtaket oversendt for klagevurdering.

Engesund Fiskeoppdrett As v/Rådgivende Biologer AS har arbeidd ut konsekvensanalyse slik fylkesmannen etterlyser, med slik konklusjon: «Denne gjennomgangen sannsynleggjør at en flytting av anlegget og utvidelse av AK-område 11 ikkje vil medføre negative virkninger for naturmiljøet, eller øvrige samfunnsinteresser. Verken for forekomster av rødlistearter, prioriterte naturtyper eller det generelle artsmangfoldet vil bli mer påvirket ved en flytting ut frå land. Anlegget har i dag generelt liten virkning på bunnforholdene under anlegget, og flytting ut frå land vil medføre enda lavere belastning på strandsonen innenfor. Ny lokalitet og nytt anlegg vil dessuten medføre bedre fiskevelferd og oksygenforhold på lokaliteten og ville kunne redusere faren for spredning av sykdom til miljøet. Anlegget ligger i randsonen av et regionalt viktig (B) friluftsområde med fokus på «strandsonen». En flytting utover fra land vil verken påvirke strandsone eller komme i konflikt med småbåtferdsel i sjøområdet rundt, tvert i mot vil det åpne opp for bedre ferdsel mellom anlegget og land».

Fakta

Engesund Fiskeoppdrett AS ynskjer å utvida arealet på anlegget sitt ved Duesund. Føretaket fekk i juni 2014 tilsegn på ein av dei mørkegrøne konsesjonane i gruppe C. Denne konsesjonen vil verte søkt samlokalisert og utvida på lokaliteten ved Duesund. I denne omgang gjeld søknaden om å utvida AK 11 med ca 170 m i sørvestleg retning. Søknaden gjeld utviding av arealet til same mengde biomasse. Lokalitet 11644 Duesund er i dag godkjent for ein produksjon på 780 tonn maksimalt tillat biomasse.

6. november 2015

ENGESUND FISKEOPPDRETT AS. KLAGE PÅ AVSLAG PÅ SØKNAD OM

DISPENSASJON – UTVIDING AV AK 11 VED DUESUND.

Innleiingsvis vil me imidlertid seie oss tilfreds med at kommunen er positiv til ei slik utviding av AK område 11. Me forstår det slik at om dette framlegget til AK 11 hadde vore føreslått ved førre revisjon av kommuneplanen godkjent i 2012, så hadde den etter rådmannen sin vurdering, vorte godkjent. Vår erfaring er imidlertid at slike planprosessar gjerne dreg ut i tid, og det vert etter vårt syn for lenge å vente til ferdigstilling av planprosessen, kanskje ikkje før i 2018.

Til slutt vil me peike på den store økonomiske gevinsten kommunen vil få ved at me etablerer vårgrøne konsesjon i gruppe C i Masfjorden kommune. Det er slik at dei kommunane der desse 45 grøne konsesjonane vert etablert, skal tildelast ein andel på 40 % av dei totale inntektene. Vederlaget for konsesjonar i gruppe C er på 10 millionar kvar for 30 konsesjonar og ein vesentleg større sum for 15 konsesjonar (avgjort etter lukka bodrunde), noko som til saman kan gje eit samla innbetalt vederlag på over 1,2 milliardar for 45 grøne konsesjonar. Vederlaget pr konsesjon skal fordelast likt i dei kommunane der løyva vert etablerte. Masfjorden sin andel vil utgjere minst 4 minst millionar, kanskje opp mot 10,75 millionar kroner.

Om me får dispensasjon (og Fylkesmannen ikkje fremjar motsegn), vil det straks deretter bli sendt søknad til Hordaland Fylkeskommune om utvida MTB innafor utvida AK-område ved Duesund. Vanleg sakshandsamingstid for nye eller utvida lokalitetar i sjø er innan eit halvt år i frå søknaden vert sendt til Hordaland Fylkeskommune.

Vurdering

Masfjorden kommune har den 06.11.2015 mottatt klage frå Engesund Fiskeoppdrett AS, på formannskapsvedtak nr 094/2015. Kommunen ser ikkje att det er kome nye moment i klagen til å gje dispensasjon til utviding av AK 11.

Masfjorden kommune har ein kommuneplan, godkjend av kommunestyret 31.05.2012. Iflg pbl skal revidering av planen starta opp i 2016. Ved handsaming av arealdelen vart ingen av akvakulturområda vurdert grundig med omsyn til storleiken på areala, men berre kor anlegga skulle liggja. Om framlegg til AK 11 hadde vore av den storleik som no vert omsøkt, så hadde den etter rådmannen sin vurdering, vorte godkjend.

Konklusjon

Masfjorden kommune har ein kommuneplan, godkjend av kommunestyret 31.05.2012. Iflg pbl skal revidering av planen starta opp i 2016. Ved handsaming av arealdelen vart ingen av

akvakulturområda vurdert grundig med omsyn til storleiken på areala, men berre kor anlegga skulle liggja. Om framlegg til AK 11 hadde vore av den storleik som no vert omsøkt, så hadde den etter rådmannen sin vurdering, vorte godkjend.

Formannskapet - 003/2016

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Saka vart utsett til neste formannskapsmøte (10. februar)

FS - vedtak:

Saka vart utsett til neste formannskapsmøte (10. februar)

Formannskapet - 012/2016

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Frode Langhelle, H, la fram nytt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune tek klagen frå Engesund Fiskeoppdrett til følgje, og gjev i medhald av plan- og bygningslova sin § 19-2 dispensasjon for å utvida AK11 ca. 170 meter i sørvestleg retning som omsøkt.

Grunngjevinga for å gje dispensasjon i medhald av § 19-2 er at fordelane etter ei samla vurdering er klart større enn ulempene. Det er fordi ei utviding som omsøkt ikkje vil medføre uheldige konsekvensar for natur, fiske, ferdsel eller frilutslivet i området. For å underbyggja dette vil ein vise til følgjande fakta:

- Brev frå Fiskeridirektoratet som skriv at ei utviding av anlegget lenger ut frå land ikkje vil få vesentlege konsekvensar for utøving av fiske, og at det ikkje er registrert særskilt fiskeområde her.
- Rapporten frå Rådgivande Biologer som skriv at ei utviding ikkje vil medføre negative verknader for naturmiljøet eller for andre samfunnsinteresser, og at korkje førekomstar av raudlisteartar, prioriterte naturtypar eller det generelle artsmangfaldet vil bli meir påverka ved ei utviding frå land. Anlegget har i dag generelt liten verknad på botntilhøva under anlegget.
- Ei utviding ut frå land vil ikkje påverka strandsona innanfor. Eit utvida og større anlegg vil kunna medføre betre fiskevelferd og difor kunna redusere faren for spreiding av fiskesjukdomar til miljøet.

- Ei utviding som omsøkt vil i liten grad koma i konflikt med båtferdsel i sjøområdet rundt, sidan all småbåttrafikk kan gå på innsida langs land som før, og hovudleia innover Masfjorden vert ikkje berørt.
- I tillegg vil ein dispensasjon for omsøkt utviding kunna opna for at det kan etablerast ein grøn konsesjon på denne staden, og det kan medføra at eksisterande anlegg også kan drivast på ein miljøvenleg og framtidsretta måte. Ved å gje dispensasjon legg ein og grunnlaget for det grønne skiftet som er naudsynt for å oppretthalda vekst og sysselsetting i Nordhordland.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå rådmannen og framlegg frå Høgre vart røysta mot kvarandre. Framlegg til vedtak frå Høgre vart vedteke med 4 mot 1 røyst (Ap).

FS - vedtak:

Masfjorden kommune tek klagen frå Engesund Fiskeoppdrett til følgje, og gjev i medhald av plan- og bygningslova sin § 19-2 dispensasjon for å utvida AK11 ca. 170 meter i sørvestleg retning som omsøkt.

Grunngjevinga for å gje dispensasjon i medhald av § 19-2 er at fordelane etter ei samla vurdering er klart større enn ulempene. Det er fordi ei utviding som omsøkt ikkje vil medføra uheldige konsekvensar for natur, fiske, ferdsel eller friluftslivet i området. For å underbyggja dette vil ein vise til følgjande fakta:

- Brev frå Fiskeridirektoratet som skriv at ei utviding av anlegget lenger ut frå land ikkje vil få vesentlege konsekvensar for utøving av fiske, og at det ikkje er registrert særskilt fiskeområde her.
- Rapporten frå Rådgivande Biologer som skriv at ei utviding ikkje vil medføre negative verknader for naturmiljøet eller for andre samfunnsinteresser, og at korkje førekomstar av raudlisteartar, prioriterte naturtypar eller det generelle artsmangfaldet vil bli meir påverka ved ei utviding frå land. Anlegget har i dag generelt liten verknad på botntilhøva under anlegget.
- Ei utviding ut frå land vil ikkje påverka strandsona innanfor. Eit utvida og større anlegg vil kunna medføra betre fiskevelferd og difor kunna redusere faren for spreining av fiskesjukdomar til miljøet.
- Ei utviding som omsøkt vil i liten grad koma i konflikt med båtferdsel i sjøområdet rundt, sidan all småbåttrafikk kan gå på innsida langs land som før, og hovudleia innover Masfjorden vert ikkje berørt.
- I tillegg vil ein dispensasjon for omsøkt utviding kunna opna for at det kan etablerast ein grøn konsesjon på denne staden, og det kan medføra at eksisterande anlegg også kan drivast på ein miljøvenleg og framtidsretta måte. Ved å gje dispensasjon legg ein og grunnlaget for det grønne skiftet som er naudsynt for å oppretthalda vekst og sysselsetting i Nordhordland.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Roald Kvingedal	FA - U49	15/813

Saknr	Utval	Type	Dato
004/2016	Formannskapet	PS	19.01.2016
013/2016	Formannskapet	PS	16.02.2016

Søknad om dispensasjon frå gjeldande kommuneplan i sjø - utviding av AK6 til oppdrett tareproduksjon

Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Uttale - Høyring	12.01.2016
20160111175712	11.01.2016
FW 155559 Oversendingsbrev - Høyring - midlertidig dispensasjon frå arealdelen ved AK 6 - forsøk med oppdrett av tare i ein periode på 3-5 år	12.01.2016
Oppdrett laks og tare i laberget+	11.01.2016
Uttale - høyring dispensasjon frå arealdel ved AK 6	08.01.2016
Masfjorden - Eng	06.01.2016
VS Uttale - Masfjorden - Engesund Fiskeoppdrett AS - Forsøk med oppdrett av tare - Disp	06.01.2016
VS Masfjorden k	18.12.2015
Signert søknad d	09.11.2015
VS Søknad om ut	09.11.2015
Research Progra	09.11.2015
Tare signert	06.10.2015
VS Taresøknad	06.10.2015
Vedlegg 8 Dokume	06.10.2015
Vedlegg 3 Lokali	06.10.2015
FoU konsesjon I	06.10.2015

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til vedtak:

I medhald av pbl §19-2 vert søknaden om å dispensera inntil 5 år frå føremålet bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone i arealdelen til kommuneplanen, om å utvida AK 6 med 10 ha, ikkje godkjend.

Grunngjeving

AK 6 ved Laberget vart godkjend i samband med handsaminga av gjeldande kommuneplan.

Dersom ein no utvidar området utan brei informasjon til medverknad, for å etablere eit større oppdrettsanlegg, er det ikkje i samsvar med plan- og bygningslova, jfr pbl § 11-17.

Heimel:

Plan – og bygningslova §19-2

Kommuneplanen 2012-2024


Saksopplysningar:

Bakgrunn

Saka gjeld søknad om mellombels dispensasjon frå gjeldane kommuneplan i sjø til utviding av AK6 til oppdrett tareproduksjon.

Fakta

Engesund Fiskeoppdrett AS søker om mellombels dispensasjon inntil 5 år frå føremålet *bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner* i arealdelen til kommuneplanen. Formålet med tiltaket er for å kunne søkje om FOU-konsesjon for eit forskingsprosjekt der ein skal produsere laks i kombinasjon med tare. Engesund vil nytte lokalitet 34657 Laberget og har trong for eit produksjonsareal på 10 ha som er utover arealet som er sett av for akvakultur i arealplanen. Lakseanlegget vert liggjande som i dag innafor AK 6, men plassering av tareenheter vert liggjande utafor område som er sett av for akvakultur.



m midlertidig dispensasjon for bruk av akvakulturområdet AK6

Omsøkte areal er i arealdelen til *føremålet bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner* i arealdelen til kommuneplanen.

Søknaden krev difor dispensasjon frå gjeldane arealdel.

Jamfør § 19-2 i Pbl ”kan kommunen gi varig eller midlertidig dispensasjon frå bestemmelser fastsatt i eller i medhold av lov. Det kan settes vilkår for dispensasjonen. Dispensasjon kan ikkje gis dersom hensynene bak bestemmelsen det skal dispenseres frå, eller hensynene i lovens formålsbestemmelse blir vesentlig tilsidesatt. I tillegg må fordelene ved å gi dispensasjon være klart større enn ulempene

etter en samlet vurdering.

§ 11-7. Arealformål i kommuneplanens arealdel

Kommuneplanens arealdel skal i nødvendig utstrekning vise arealformål som er angitt i nr. 1 til 6. Hovedformålene kan etter behov inndeles i angitte underformål.

6. Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhørende strandsone.

Underformål: ferdsel, farleder, fiske, akvakultur, drikkevann, natur- og friluftsområder hver for seg eller i kombinasjon.

Uttale

Fiskeridirektoratet region vest sin vurdering

Fiskeridirektoratet kan ikkje sjå at søknad om dispensasjon for forsøk med dyrking av tare ved lokalitet Laberget vil kome vesentlig til hinder for fiske. Det er ikkje registrert særskilde fiskeriinteresser i sjøområdet der tareenheter er planlagt lagt ut, og vi har såleis ingen vidare merknader til søknaden.

Fylkesmannen si vurdering

Om kommune finner ut at vilkåra for dispensasjon er tilstade er det viktig at det blir sett vilkår i dispensasjonen om tidsmessig lengde på tiltaket og nøyaktig bruk av området. Det er klart at om det skulle bli aktuelt med ein anna type akvakultur i det omsøkte området, så krev det også heilt andre vurderingar.

Fylkesmannen er skeptisk til å tillate eit så omfattande tiltak utan reguleringsplan. Sidan tiltaket er eit forskingsprosjekt som kan skapa ny viktig kunnskap ser vi at tiltaket kan ha positive sider. Det er også eit moment i vurderinga at tiltaket skal vere midlertidig.

Fylkesmannen rår kommune til å gjere ei grundig vurdering av punkta over før dei gjer vedtak i saka.

Ivar Holmaas:

Ved rullering av kommuneplanen vart lokaliteten for oppdrett ved Hope flytta nordover. Dette fordi personar ønskte lokaliteten vekk i frå sitt nærområde. I staden for å flytte lokaliteten til eit område der det ikkje var andre interesser, vart "problemet" flytta vekk frå nokon og til nokon andre. Det vart opplyst at anlegget skulle lenger i frå land, men lokaliteten er no plassert nærmare land.

AK 6 er plassert i eit etablert område for friluftsliv/fiske og ligg midt i den normale leia for båt-trafikken i området. Den aktuelle utvidinga vil medføre ferdselsforbod og forbod mot fiske i eit svært stort område. Dette er areal som tidlegare har vore nytta til friluftsliv og ferdsle på sjøen. Det må etablerast omfattande forankring som bandlegg eit mykje større område enn sjølve anlegget.

Lokaliteten AK 6 medfører ulemper for dei som har interesser i området og den tradisjonelle bruken av dette landnære arealet. Ei omfattande utviding i tråd med søknaden, vil auke ulempene sterkt. På denne bakgrunn ber eg om at det ikkje vert gjeve dispensasjon.

Egil Kvingedal

Det er viktig at i kvar slik sak at kommunen påpeikar dei negative konsekvensane dette får formiljøet, fjorden og oss som brukar fjorden. Me er i ferd med å få ei samme type fortetting som dei ein gong

hadde i Hardangerfjorden, og med veit korleis det gjekk. Håpar me kan unngå å komma i samme situasjon, men då krevs det at me føl me og kjem desse problema i forkjøpet. Dette bør også være ein vesentlig del i reguleringa av kommuneplanen, der ein bør ha som mål og redusera antall lokaliteter inne i Fjordane. Desse anlegga bør heilt klart flyttas ut om terskelen til Fensfjorden.

Rune Gjøen

Det sier seg selv at et anlegg som det her søkes om, legger landområdet fra Hope til Kvamsøysundet nærmest brakk som rekreasjonsområde. Dessuten vil det naturlige fisket bli ødelagt på grunn av forurensning.

Kystverket:

Etter Kystverkets vurdering vil ikkje ei utviding av akvakulturområdet som omsøkt utgjere nok hinder for vanleg og pårekeleg skipstrafikk i området. Vi har såleis ikkje merknader til at søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel blir imøtekommen.

Høyring

Sakahar vore på høyring til berørte partar:

Fylkesmannen i Hordaland

Lindås kommune Kvernhusmyrane

Fiskeridirektoratet postboks 185

Arnlaug Holmaas

Ivar Holmaas

HOLMAAS OLE ERIK

Vurdering

Det er søkt om 10 einingar på 1 ha, til saman 10 ha. Dette er eit omfattande prosjekt som vil beslaglegge store sjøområde. Anlegget vert liggjande svært nær strandlinja.

Rådmannen er av den meining at ei utviding av slik storleik som ein her ser, ikkje bør handsamast ved dispensjon, men bør vurderast i samband med revidering av kommuneplanen, som etter pbl kap 10 skal starta seinast eit år etter nytt kommunestyre, i løpet av 2016. Ein bør i rullering av kommuneplanen finne gode plasseringar av slike store arealformål til bruk for akvakultur.

Konklusjon

Rådmannen rår frå at søknaden om dispensasjon vert godkjend avdi ein konsekvens av eit utvida område vil føra med seg ein auke av bandlegging av strandsona. Dette bør ålmenheita få seia noko om på førehand og då gjennom revisjon av eksisterande kommuneplan.

Formannskapet - 004/2016

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Saka vart utsett til neste formannskapsmøte (10. februar).

FS - vedtak:

Saka vart utsett til neste formannskapsmøte (10. februar).

Formannskapet - 013/2016

FS - behandling:

Grethe Adoff frå Norsk Sjømatsenter AS informerte om Samproduksjon tare og laks. Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Frode Langhelle, **H**, la fram nytt framlegg til vedtak:

I medhald av pbl §19-2 vert søknaden frå Engesund Fiskeoppdrett om å dispensera i inntil 5 år frå føremålet bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone i arealdelen til kommunedelplanen, som gjeld utviding av AK6 ved Ladberget med 10 ha godkjend.

Dispensasjonen vert gjeve på vilkår om at området skal ryddast og tilbakeførast til fritt sjøområde innan 16.02.2021 om rullering/planlagd revisjon av kommuneplanen sin arealdel ikkje medfører at arealkategorien vert endra til akvakultur.

Grunngjevinga for å gje dispensasjon i medhald av § 19-2 er at fordelane etter ei samla vurdering er større enn ulempene. Omsøkt utviding sørover vil ikkje medføra særlege konsekvensar for natur, fiske, ferdsel eller friluftslivet i området. For å underbyggja dette vil ein vise til følgjande fakta:

- Ei utviding som omsøkt vil i liten grad koma i konflikt med båtferdsel i sjøområdet rundt, sidan småbåttrafikken kan gå på innsida langs land som før, og båttrafikken innover Fensfjorden vert ikkje berørt. Det vert her vist til brev frå Kystverket av 06.01.2016.
- Utvidinga vil ikkje verta vesentleg til hinder for fiske, og det er ikkje registrert særskilde fiskeinteresser i sjøområdet der tareproduksjonen er planlagt. Det vert vist til brev frå Fiskeridirektoratet.
- Anlegget vil ikkje påverka kjende raudlisteartar, prioriterte naturtypar eller det generelle artsmangfaldet i området.
- Omsøkt utviding vil kunna opna for at det kan etablerast ein FOU-konsesjon for ei framtidretta og miljøvenleg tareproduksjon på denne staden. Ved å gje dispensasjon for eit FOU-prosjekt legg ein difor til rette for å utvikla ei ny maritim næring på Vestlandet.

- Sidan søknaden om dispensasjon vert tidsavgrensa til inntil 5 år , vert tiltaket sett på som reversibelt. I samband med seinare rullering/revisjon av kommuneplanen sin arealdel skal bruken av området vurderast særskilt.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå rådmannen og framlegg frå Høgre vart røysta mot kvarandre.

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart vedteke med 3 (Sp, KrF, Ap) mot 2 røyst (H).

FS - vedtak:

Framlegg til vedtak:

I medhald av pbl §19-2 vert søknaden om å dispensera inntil 5 år frå føremålet bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone i arealdelen til kommuneplanen, om å utvida AK 6 med 10 ha, ikkje godkjend.

Grunngjeving

AK 6 ved Laberget vart godkjend i samband med handsaminga av gjeldande kommuneplan. Dersom ein no utvidar området utan brei informasjon til medverknad, for å etablere eit større oppdrettsanlegg, er det ikkje i samsvar med plan- og bygningslova, jfr pbl § 11-17.

Heimel:

Plan – og bygningslova §19-2

Kommuneplanen 2012-2024

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Helga Ellingsen	FA - G00	14/842

Saknr	Utval	Type	Dato
014/2016	Formannskapet	PS	16.02.2016
003/2016	Kommunestyret	PS	24.02.2016

Folkehelseoversikt Masfjorden kommune 2015

Vedlegg:

Journalposttittel
Folkehelseovers

Dato
09.02.2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmann tilrår at folkehelseoversikt blir tatt til vitring.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunen skal utarbeide eit samla oversiktsdokument kvart fjerde år som skal ligge til grunn for det langsiktige folkehelsearbeidet, jf. Forskrift om folkehelse §5. Oversiktsdokumentet skal ligge føre ved oppstart av arbeid med planstrategi etter plan- og bygningslova § 7-1 og § 10-1.

Oversiktsdokumentet skal vere allment tilgjengeleg slik at frivillige organisasjonar og befolkninga får tilgang til informasjon som grunnlag for å medverke i beslutningsprosessar som har betydning for folkehelsa jf. Forskrift om oversikt over folkehelse § 8.

Oversikten skal identifisere folkehelseutfordringar og ressursar. I tillegg skal den innehalde faglege vurderingar av årsaksforhold og konsekvensar. Kommunen skal særleg vere merksam på trekk og utvikling som kan skape eller oppretthalde sosial og helsemessige problem, eller sosial helseforskjellar.

Vurdering:

Folkehelsearbeid er eit stort område som påverkar alle tenestene og heile lokalsamfunnet. I 2014 vart fyrste utgåve av folkehelseoversikt godkjent i kommunestyre, men dette var ikkje eit systematisk og samla oversiktsdokument.

I 2016 skal kommunestyret vedta ny planstrategi for dei neste fire åra, og i den forbinding skal det utarbeidast eit oversiktsdokument for folkehelse. Rådmann sette ned ei tverrfagleg arbeidsgruppe i

2015 som har utarbeida dette oversiktsdokumentet.

Arbeidsgruppa har bestått av;

Helga Irene Ellingsen - Folkehelsekoordinator, leiar for helse, omsorg og sosial

Anne Kristin Rafoss - Rådgjevar

Marta Midtbø - Helsesøster

Inger Marie Duesund . Styrar barnehage

Alf Strand - Leiar oppvekst

Rolf Tande - Kommuneoverlege

I forskrift om oversikt over folkehelse § 3 er det eit krav at oversikta skal omfatte opplysningar og vurderingar av:

- Befolkningssamansetning: Innbyggjar tal, alders- og kjønnsfordeling, sivilstatus, etnisitet, flyttemønster.
- Oppvekst – og levekårforhold: Økonomiske vilkår (andel med høg – og låg inntekt, inntektsforskjellar), bu – og arbeidsforhold (tilknytning til arbeidslivet, sjukefråvær, uføretrygd), og utdanningsforhold (andel med høgare utdanning, fråfall i vidaregåande skule)
- Fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø: Drikkevatt – og luftkvalitet, nærmiljø, tilgang til fri- og friluftsområder, sykkelvegnett, antal støyplasser, oversikt over smittsame sjukdomar, organisasjonsdeltaking, valdeltaking, kulturtilbod, sosiale møteplassar.
- Skade og ulykker
- Helserelatert åtferd: Fysisk aktivitet, ernæring, bruk av tobakk og rusmiddel, risikoåtferd som kan gi utslag i skader og ulykker
- Helsetilstand: Informasjon om førekomst av sjukdomar der førebygging er viktige som psykisk lidingar, hjerte – karsjukdomar, type 2- diabetes, kreft, kroniske smerte og belastningssjukdomar, karies.

Arbeidsgruppa har hatt regelmessige møter i løpet av 2015, der ein har utarbeida statistikk, vurdert og sett på årsaksfaktorar. Det har ikkje vore arrangert folkemøte i forbindelse med dette dokumentet, fordi dette skal vere in oversikti over folkehelse og ikkje ein folkehelseplan. Oversiktsdokumentet skal vere basert på fakta og fagleg kunnskap, og arbeidsgruppa har henta dette frå:

- Opplysningar som statlege helsemyndigheiter og fylkeskommunen gjer tilgjengeleg
- Kunnskap frå dei kommunale helse – og omsorgstenestene
- Kunnskap som faktorar og utviklingstrekk i miljø og lokalsamfunn som kan ha innverknad på befolkninga si helse

Arbeidsgruppa har arrangert eit møte med ungdomsskuleelvane i samband med ei MOT samling (20.11.15). På dette møte informerte ein om folkehelse, og fekk tilbakemeldingar frå ungdomen som ein også har nytta i utarbeiding av dette dokumentet. Ungdomane gjennomførte ei anonym

undersøking om kosthold og levevanar. Dette for at kommunen skulle få kunnskap som kunne brukast i oversiktsdokumentet.

I det vidare arbeid med å halde jamleg oversikt på folkehelse må kommunen å vurdere om ein skal ta i bruk meir systematiske kartleggingsverktøy, som «ung data», brukarundersøkingar, levekårundersøking m.m.

Folkehelseoversikt er eit stort dokument. Det vil heilt sikkert vere noko som manglar, eller noko meir som skulle vore med. Dette dokumentet skal vere eit «levande» oversiktsdokument. Det vil sei at kommunen må oppdatere statistikk og andre moment etter kvart som det blir tilgjengeleg, slik at ein jamleg kan fylgje folkehelseutviklinga .

I det vidare arbeidet med folkehelse i kommunen vil arbeidsgruppa føreslå at det IKKJE vert oppretta eigen folkehelseplan, men at folkehelse blir innarbeida og vurdert i alt kommunalt planarbeid.

Konklusjon:

Rådmann tilrår at folkehelseoversikt blir tatt til vitring.

Formannskapet - 014/2016

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Folkehelseoversikt vert tatt til vitring.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Helga Ellingsen	FE - 144, FA - G00	16/143

Saknr	Utval	Type	Dato
015/2016	Formannskapet	PS	16.02.2016

Melding om oppstart av Temadelplan rehabilitering og habilitering 2016 - 2026

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommunen utarbeidar Temadelplan for rehabilitering og habilitering 2016 – 2026. Planen skal utarbeidast etter lov og forskrift, og vere i samsvar med overordna planverk i kommunen.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Masfjorden kommune har ikkje pr. i dag eigen temadelplan for rehabilitering og habilitering.

I 2012 kom «Forskrift om habilitering og rehabilitering, individuell plan og koordinator». Forskrifta gjeld for rehabilitering og habiliteringstenester som blir gitt etter helse- og omsorgstenestelova.

«§ 1. Formålet med forskriften

Formålet med forskriften er å sikre at personer som har behov for sosial, psykososial eller medisinsk habilitering og rehabilitering, tilbys og ytes tjenester som kan bidra til stimulering av egen læring, motivasjon, økt funksjons- og mestringsevne, likeverdighet og deltakelse. Formålet er også å styrke samhandlingen mellom tjenesteyter og pasient og bruker og eventuelt pårørende, og mellom tjenesteytere og etater innen et forvaltningsnivå eller på tvers av forvaltningsnivåene.»

Temadelplan for rehabilitering og habilitering er forankra i kommunedelplan for helse, omsorg og sosial, som vart godkjent i kommunestyret i 2014. I handlingsplan 2014 - 2018 har ein prioritert mål og tiltak. Gjennom planarbeidet har ein vurdert korleis kommunen skal planlegga, organisera, gjennomføre, overvaka, evaluera og korrigera verksemda si, slik at tenestene er i samsvar med krav i lov og forskrift. Eit mål i kommunedelplan for helse, omsorg og sosial er at kommunen i 2016 skal utarbeide temadelplan for rehabilitering og habilitering.

Vurdering

Temadelplan for rehabilitering og habilitering er ein fagplan som er underordna kommunedelplan for helse, omsorg og sosial. Dette er ein fagplan som også heng saman med temadelplan for psykisk helse og rus. Utifrå dette ser administrasjonen det som viktig at desse blir utarbeida på same tid.

Folkehelseoversikt skal vere grunnlagsdokument for alt planarbeid i kommunen, også temadelplan for rehabilitering og habilitering. I 2015 har Masfjorden kommune utarbeida eit samla

oversiktsdokument « Folkehelseoversikt 2015». Planarbeidet i kommunen skal utarbeidast slik at den «raude tråden» frå overordna planar, ned til fagplanar er sikra.

Samla oversiktsdokument for folkehelse skal utarbeidast for kvar ny planperiode. Temadelplanen skal sikre at kommunen arbeidar langsiktig, strategisk og målretta med rehabilitering og habilitering. Målet er at kommunen gjennom planarbeidet skal kartlegge, og sikre at kommunen sine tenester er i trå med lov og forskrift.

Når det gjeld rehabilitering og habilitering har kommunen ansvar for:

- å planlegge sin rehabilitering og habiliteringsteneste.
- å ha ein generell oversikt over behovet for rehabilitering og habilitering.
- å sikre at tilbodet er integrert og tverrfagleg samla.
- å sikre at alle som oppheld seg i kommunen får tilbod om naudsynt oppfølging ved behov for sosial, psykososial eller medisinsk habilitering og rehabilitering.

I temadelplan for rehabilitering og habilitering skal ein sikre at kommunen tilbyr og yter tenestene utifrå:

1. eit pasient- og brukarperspektiv
2. i eller i nærmast mogleg pasient og brukar sine vante miljø
3. eit samordna, tverrfagleg og planmessig perspektiv
4. ein meningsfylt samanheng for pasienten og brukar

Avgrensing og føremål med arbeidet:

- Avklara framtidige behov og utfordringar med grunnlag i den demografiske utviklinga i Masfjorden kommune.
- Sikre at kommunen sine rehabilitering – og habiliteringsteneste er i trå med lov og forskrift.
- Vurdere og avklare organisering av rehabilitering- og habiliteringstenestene i kommune
- Vurdere korleis tenestene kan organiserast effektivt
- Synleggjere kommunen sine moglegheiter og utfordringar på lang sikt
- Fastleggja mål og prioriteringar for utvikling av tenestetilbod innan rehabilitering og habilitering.

Fagområder som blir omfatta av denne planen er:

- Heimetenestene
- Institusjon
- Bu- og avlastningstilbod
- Psykisk helse og rus
- Ergo- og fysioterapi
- NAV sosial
- Fastlegar
- Koordinerande eining
- Helsestasjon med skulehelse
- Hjelpemiddel tenesta
- TML

Organisering av planarbeidet:

I organiseringa av arbeidet har ein lagt vekt på politisk forankring, brei fagleg samansetning og medverknad for brukargrupper. Arbeidet vert organisert med styringsgruppe, ei administrativ prosjektgruppe som skal ha hovudansvaret for gjennomføringa av planarbeidet. I tillegg skal det vera ei ressursgruppe med kommunelege, kommunepsykolog, leiar NAV, brukargrupper, tillitsvalde med fleire. Temadelplan er ein fagplan som ikkje skal ut på høyring.

Styringsgruppe:

Rådmannen si leiargruppe

Prosjektgruppe:

Helga I Ellingsen - leiar helse, omsorg og sosial. Prosjektleiar

Elin Eikemo - ass. prosjektleiar

Åshild Krige - ergoterapeut

Marit A Nesse - fagleiar omsorgsavdelinga

Lene Danielsen - fysioterapeut

Hildegunn Bjånes - samhandlingssjukepleiar

Ressursgruppe:

Rolf Tande - kommuneoverlege

Anne Jorunn Lunde - kommunepsykolog

Marta Midtbø - helsesøster

Wenche Midtun - leiar NAV

Inger Marie Duesund - barnehagestyrar

Roald Kvingedal - TML

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, leiar og nestleiar

Eldrerådet, leiar og nestleiar

Hovudtillitsvalde

Aktuelle brukargrupper

Konklusjon

Masfjorden kommunen utarbeidar Temadelplan for rehabilitering og habilitering 2016 – 2026. Planen skal utarbeidast etter lov og forskrift, og vere i samsvar med overordna planverk i kommunen

Formannskapet - 015/2016

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Masfjorden kommunen utarbeidar Temadelplan for rehabilitering og habilitering 2016 – 2026. Planen skal utarbeidast etter lov og forskrift, og vere i samsvar med overordna planverk i kommunen.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Helga Ellingsen	FE - 144, FA - G70	16/144

Saknr	Utval	Type	Dato
016/2016	Formannskapet	PS	16.02.2016

Melding om oppstart av Temadelplan psykisk helse og rus 2016 - 2026

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommunen utarbeidar temadelplan for psykisk helse og rus 2016 – 2020. Planen skal utarbeidast etter lov og forskrift, og vere i trå med overordna planverk i kommunen.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Temadelplan for psykisk helsearbeid har vore gjeldane frå 2007 - 2015. Denne er ikkje lenger oppdatert i høve lov og forskrifter, og må reviderast.

Kommunen sitt ansvar for å yte tenester til personar med psykisk helseproblem og/ eller rusproblem er heimla i Lov om kommunale helse og omsorgstenester.

Teamdelplan for psykisk helse og rus er forankra i kommunedelplan for helse, omsorg og sosial, som vart godkjent i kommunestyret i 2014. I handlingsplan 2014 - 2018 har ein prioritert mål og tiltak. Gjennom planarbeidet har ein vurdert korleis kommunen skal planlegga, organisera, gjennomføre, overvaka, evaluera og korrigera verksemda si. Dette slik at tenestene er i samsvar med krav i lov og forskrift. Eit mål i kommunedelplan for helse, omsorg og sosial er at temadelplan for psykisk helse og rus skal reviderast i denne planpeioden.

Vurdering:

Temadelplan for psykisk helse og rus er ein fagplan som er underordna kommunedelplan for helse, omsorg og sosial. Dette er ein fagplan som også heng saman med temadelplan for rehabilitering og habilitering. Utifrå dette ser administrasjonen det som viktig at desse blir utarbeida på same tid.

Folkehelseoversikt skal vera grunnlagsdokument for alt planarbeid i kommunen, også temadelplan for psykisk helse og rus. I 2015 har Masfjorden kommune utarbeida eit samla oversiktsdokument « Folkehelseoversikt 2015». Planarbeidet i kommunen skal utarbeidast slik at den «raude tråden» frå overordna planar, ned til fagplanar er sikra.

Samla oversiktsdokument for folkehelse skal utarbeidast for kvar ny planperiode. Temadelplanen skal sikre at kommunen arbeidar langsiktig, strategisk og målretta med psykisk helse og rus. Målet er at kommunen gjennom planarbeidet skal kartlegge, og sikre at kommunen sine tenester er i trå med lov

og forskrift.

Mål med kommunane sitt arbeid innan for psykisk helse og rus er:

Lokalt rus – og psykisk helsearbeid skal bidra til at fleire friske leveår for befolkninga og redusere negative konsekvensar av rusmiddel og psykisk helseproblem for den enkelte, for tredjepart og for samfunnet. Arbeidet skal bidra til å betre levekår for personar som har eit rusmiddel – eller psykisk helseproblem, førebygge og redusere problemutviklinga og fremme meistring av eige liv. Pårørande til menneske med rusmiddel- eller psykiske helseproblem skal sikrast naudsynt støtte og avlastning.

Det har og skjer ei stor fagutvikling på alle områder også innan psykisk helse og rus. Det er krav om auka brukarmedverknad, noko som gjer at alle kommunar må ha ei systematisk tilnærming til korleis pasient og brukar blir involvert i utviklinga av helse og omsorgstenestene. Samhandlingsreforma og lovverk som følgjer med reforma, stiller auka krav til samhandling og god arbeidsfordeling, mellom kommunen og spesialisthelsetenestene.

Tenestene vil over tid utsettast for nye utfordringar og nye forventningar, men og nye muligheiter til å organisere og utvikle tenestene. Skal kommune klare å gi gode og forsvarlege tenester er det viktig å utvikle og arbeide systematisk med kvalitetsforbetring. Dette er viktige moment som skal takast omsyn til i temadelplan for psykisk helse og rus.

I temadelplan for psykisk helse og rus skal ein sikre at kommunen tilbyr og yter tenestene utifrå:

1. eit pasient- og brukarperspektiv
2. eit samordna, tverrfagleg og planmessig perspektiv
3. ein meningsfylt samanheng for pasienten og brukar

Avgrensing og føremål med arbeidet:

- Avklara framtidige behov og utfordringar med grunnlag i den demografiske utviklinga i Masfjorden kommune.
- Sikre at kommunen sine tenester for psykisk helse og rus er i trå med lov og forskrift.
- Vurdere og avklare organisering i kommune for psykisk helse og rus arbeid
- Vurdere korleis tenestene kan organiserast effektivt
- Synleggjere kommunen sine moglegheiter og utfordringar på lang sikt
- Fastleggja mål og prioriteringar for utvikling av tenestetilbod innan psykisk helse og rus.

Fagområder som planen omfattar:

- Heimetenestene
- Institusjon
- Bu- og avlastningstilbod
- Psykisk helse og rus
- Ergo- og fysioterapi
- NAV sosial
- Fastlegar
- Helsestasjon med skulehelse
- Oppvekst – skule og barnehage

Organisering av planarbeidet:

I organiseringa av arbeidet har ein lagt vekt på politisk forankring, brei fagleg samansetning og

medverknad for brukargrupper. Arbeidet vert organisert med styringsgruppe, ei administrativ prosjektgruppe som skal ha hovudansvaret for gjennomføringa av planarbeidet. I tillegg skal det vera ei ressursgruppe med representantar frå oppvekst, pleie-og omsorg, brukargrupper, tillitsvalde med fleire. Temadelplan er ein fagplan som ikkje skal ut på høyring.

Styringsgruppe:

Rådmann si leiargruppe

Prosjektgruppe:

Anne Jorunn Lunde - kommunepsykolog, prosjektleiar

Wenche Midtun - leiar NAV

Rolf Tande - kommuneoverlege

Marta Midtbø - helsesøster

Alf Strand - leiar for oppvekst

Kristin Midtgård - barnevernstenesta

Ressursgruppe

Helga Irene Ellingsen - leiar helse, omsorg og sosial

Elin Eikemo - forvaltning og leiar for heimetenestene

Lene Danielsen - fysioterapeut -

Christina Sleire - fagleiar Nystova

1 representant frå barnehage

1 representant frå skule

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne – leiar og nestleiar

Eldrerådet – leiar og nestleiar

Hovudtillitsvalde

Aktuelle brukargruppe

Konklusjon

Masfjorden kommunen utarbeidar temadelplan for psykisk helse og rus 2016 – 2020. Planen skal utarbeidast etter lov og forskrift, og vere i trå med overordna planverk i kommunen.

Formannskapet - 016/2016

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Masfjorden kommunen utarbeidar temadelplan for psykisk helse og rus 2016 – 2020. Planen skal utarbeidast etter lov og forskrift, og vere i trå med overordna planverk i kommunen.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FA - L12	15/308

Saknr	Utval	Type	Dato
017/2016	Formannskapet	PS	16.02.2016
010/2016	Kommunestyret	PS	24.02.2016

Framlegg til reguleringsplan for utviding av Giljane bustadfelt

Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Fråsegn til høyr	25.01.2016
Uttale til offentleg ettersyn av reguleringsplan for utviding av Giljane bustadfelt	19.01.2016
Masfjorden kommune Hordaland - Reguleringsplan for utviding av Giljane bustadfelt - offentleg ettersyn - uttale	30.12.2015
Reguleringsplan for utviding av Giljane bustadfelt - Offentleg ettersyn - Masfjorden kommune sendt fra Statens vegvesen	27.01.2016
Offentleg ettersyn reguleringsplan	16.12.2015
Reguleringsplan	17.11.2015
Illustrasjonspla	17.11.2015
Føresegner 29.01.2016	28.01.2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Reguleringsplan for utviding av Giljane bustadfelt vert godkjent i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-12.

Det vert vist til plankart dagsett 13.11.2015 og føresegner dagsett 29.01.2016.

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta:

Formannskapet gjorde i møte 01.12.2015, sak 139/2015, vedtak om å leggje reguleringsplan for utviding av Giljane bustadfelt ut til offentleg ettersyn i medhald av plan- og bygningslova § 12-10. Planframlegget gjeld eit område på 13,5 dekar. Hovudføremålet med planen er å regulera inn fem tomter for frittliggjande bustader med tilhøyrande tilkomstveg, leik og grønstruktur m.v.

Reguleringsplanen har vore til offentleg ettersyn frå 11. desember 2015 til 23. januar 2016 og det ligg no føre følgjande merknader til planframlegget, som vert kort referert og deretter

vurdert av rådmannen (kursivtekst):

1. **Brev frå NVE av 16.12.2015**, som skriv at dei ikkje har merknad til planframlegget.

Rådmannen tek dette til orientering.

2. **Brev frå Fiskeridirektoratet av 29.12.2015**, som skriv følgjande:

Fiskeridirektoratet region vest gjer merksam på at det er registrert gyteområde og låssettingsplass i tilgrensande sjøområde. I illustrasjonskissa er det teikna inn 'felles landingsbryggje'. Kart til reguleringsplanen syner ikkje regulering for småbåthamn/kai/bryggje eller anna regulering i sjøområde. Vi føreset derfor at landingsbryggje ikkje inngår i planen, og vi kan såleis ikkje sjå at planframlegget vil få nemneverdig konsekvensar for arealbruk knytt til fiske. Eventuell framtidig søknad om utlegging av flytebryggje, etablering av kai skal sendast til Fiskeridirektoratet region vest for uttale.

Rådmannen tek dette til orientering.

3. **Brev frå Fylkesmannen i Hordaland av 18.01.2016**, som mellom anna skriv følgjande:

Dei viser til at dei tidlegare har stilt spørsmål til kommunen om det var rett å regulera eit LNF-område innanfor den funksjonelle strandsona til bustadføremaal, og har no fått forståing for at dette vert gjort sidan det er vanskeleg å få realisert det store byggeområdet som vart lagt ut i arealdelen vest for Hosteland. Fylkesmannen skriv vidare at: «*Reguleringsplanen inneber ei utviding av eit eksisterande bustadfelt og Fylkesmannen vurderer verknaden på landskap til å vere akseptabel. Tomtane er trekt noko vekk frå sjøen og det er regulert inn grønstruktur ned til sjøen slik at tilgangen til strandsona er sikra.*» Vidare meiner Fylkesmannen at det må stillast rekkjefølgjekrav om opparbeiding av leikeplassen i planområdet, slik at denne er på plass før bustadane vert teke i bruk. Tilkomsten til leikeplassen må og markerast i kartet skriv dei.

Rådmannen har vurdert merknaden frå Fylkesmannen og forstår ønsket om at det bør stillast rekkjefølgjekrav om opparbeiding av leikeplassen før bustadane vert teke i bruk. Ein rår difor til at dette ønsket kjem inn i eigen setning i føresegnene under rekkjefølgjekrav. Ønsket om å markera tilkomsten på plankartet har og rådmannen forståing for, og rår til at tilkomsten vert markert med stipla linje på endeleg plankart som vert laga etter at kommunestyret har slutthandsama reguleringsplanen.

4. **Brev frå Hordaland fylkeskommune dagsett 22.01.2016**, som innleiingsvis skriv at dei er kritiske til at det vert utarbeida detaljreguleringsplanar som ikkje er i samsvar med overordna planar. Vidare skriv dei at planlegging av nye bustadområde bør skje nær senterområde, ha god tilkomst og frekvens for kollektivtrafikk og gode tilbod for mjuke trafikantar. Hordaland fylkeskommune rår får planen grunna omsynet til samordna areal og transport og trafikktryggleik. Vidare skriv dei at: «*Planområdet ligg i den funksjonelle strandsona som var satt i kommuneplanen frå 2012. Planområdet er også omfatta av det regionale friluftsområdet Herøyosen som registrert med regionalt viktige strandsoneverdiar. I planen vert det gjort ein ny landskapsvurdering der det vert konkludert med at det ikkje særlege interessekonfliktar knytt til landbruk, naturmangfald, friluftsliv eller kulturminne. I planen som ligg føre vert dei nye bustader liggande tett inntil sjøkanten. Hordland fylkeskommune er kritisk til lokaliseringa av bustadområda BFS2 og BFS3 som ligg på ei lågare nivå og tettare inntil sjøen enn eksisterande bustader. Ein skrent i forkant av dei nye bustadene vil likevel sikre at det ikkje vert direkte kontakt mellom den nye bustadene og sjøareala. Vi ber om at det vert teke særleg omsyn til landskapstilpassing og tilgjenge for allmenta i desse områda og ber om at føresegnene sikrar vegetasjon og grøntstruktur mot sjøen.*»

Dei ber deretter om at leikeplassen får rekkjefølgjekrav, viser vidare til at myr er ein trua naturtype, og at området ikkje har særleg potensial for freda kulturminne. Til slutt i brevet skriv dei at Hordaland fylkeskommune rår i frå forslag til reguleringsplan ut i frå omsynet til areal og transport og barn og unge sine interesser, og at dei har merknader til planforslaget når det gjeld strandsone og leikeareal.

Rådmannen har vurdert merknadane frå Hordaland fylkeskommune og forstår at dei er kritisk til at det vert utarbeidd reguleringsplan som er i strid med overordna plan. Samstundes vil ein visa til at Fylkesmannen har uttrykt forståing for kvifor dette vart gjort, og at Masfjorden kommune sine argument for å laga eit mindre bustadfelt på denne plassen difor kan reknast som legitime. Fylkeskommunen sine argument om at bustadfelt bør leggjast der det er gode kollektivtilbod og gode kvalitetar for mjuke trafikantar har ein og forståing for, og ein er samd i at dette bør gjelda for alle nye større bustadfelt. Dette feltet er eit mindre felt med berre fem bustadtomter, og lokaliseringsfaktor nr. 1 er her at det vert lagt inn til eksisterande infrastruktur. Det gjer at desse tomtene kan utviklast på ein kostnadseffektiv måte, samt at etablerarane her kan integrerast i det eksisterande bustadmiljøet som ligg heilt inntil. Masfjorden kommune meiner at desse argumenta kjem klart fram i planskildringa til planen, og vel å vektleggja desse momenta meir enn det fylkeskommunen gjer. Ut frå dette rår ein til at kommunestyret tek merknadane til fylkeskommunen til etterretning, og at reguleringsplanen vert godkjent i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-12.

5. **Brev frå Statens Vegvesen dagsett 15.01.2016**, som skriv at bustadfeltet er lokalisert langs kommunal veg, og at det difor er kommunen som har ansvaret for tilstrekkeleg trafikktryggleik. Ut over dette har dei ikkje merknader til planframlegget.

Rådmannen tek merknaden til orientering.

Vurdering

Rådmannen viser til vurderingane som er gjort ovanfor, og rår til at reguleringsplanen vert godkjent i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-12. På endeleg plankart skal det teiknast inn tilkomst til leikearealet, og ein rår til at føresegnene får eigen formulering som sikrar at leikeplassen vert opparbeidd før bustadane vert teke i bruk. Det vert difor lagt ved reviderte føresegner dagsett 29.01.2016.

Konklusjon

Rådmannen viser til vurderingane som er gjort ovanfor, og rår til at reguleringsplanen vert godkjent i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-12.

Formannskapet - 017/2016

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Reguleringsplan for utviding av Giljane bustadfelt vert godkjent i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-12.

Det vert vist til plankart dagsett 13.11.2015 og føresegner dagsett 29.01.2016.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FA - L12	16/102

Saknr	Utval	Type	Dato
018/2016	Formannskapet	PS	16.02.2016

Oppstart av arbeid med reguleringsplan for deler av Hosteland Aust

Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Hosteland Aust - reguleringsendring_sit	01.02.2016
situasjonsplan (25752)	01.02.2016
Plan og fasade (25751)	01.02.2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune startar opp offentleg reguleringsendring i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-8, for deler av Hosteland Aust.

Det vert vist til kartutsnitt nedunder som viser planområdet som skal omregulerast.

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta:

I kommunestyresak 112/2015 «Omsorgsbustader – forprosjekt» i møte den 10.12.2015 gjorde kommunestyret følgjande vedtak:

- 1. Masfjorden kommune byggjer omsorgsbustader med inntil 10 leiligheiter på Hosteland, for brukarar med behov for tilrettelegging og heildøgntenester.**
- 2. Masfjorden kommune løyver kr 8 000 000 til omsorgsbustadane for budsjett året 2016. 13 000 000,- vert lagt inn i økonomiplan for 2016-2019.**

I saka stod det følgjande om lokaliseringa av dei planlagde omsorgsbustadane:

«Lokalisering og plassering

Prinsippet om integrering og normalisering stiller høge krav til at omsorgsbustadar skal integrerast i eit naturleg nærmiljø med likestilt tilgang til samfunns- og servicefunksjonar. Det vert difor fremma forslag om å bygge dei nye omsorgsbustadane i byggjefelte på

Hosteland. Her vert bustadane plassert i eit ordinært byggefelt miljø med innbyggjarar i alle aldrar, ein plass der ein får vere ein integrert innbyggjar og ein del av eit naturleg bumiljø. Tomta er tett tilknytta skule, barnehage, gymsal (aktivitetar, tilstellingar, møteplass), idrettsanlegg, bibliotek, sjukeheim, helsesta, heimetenester, samt nærbutikk og andre lokale næringsverksemdar 1,3 km unna. Hosteland er også ei bygd i vekst med mange framtidige utviklingsplanar. Tomta gjer og nær tilgang til natur og felles leikeplass/uteområde og skuleareal/leikeområde.

Omsorgsbustadane skal dekke eit behov for heildøgns helse- og omsorgstenester til brukargrupper som treng tenester på ulike tider i løpet av heile døgeret. Mange av brukarane ynskjer å bu sjølvstendig men opplever det som utrykt å bu aleine eller treng hjelp til struktur og innhald i kvardagen. For å imøtekomme desse behova ser me det som prinsipielt at bygget vert liggande i tett tilknytning til sjukeheimen/helsetenesta. Med løysinga me har kome fram til kan ein sikre dette, samstundes som ein sikrar integrering i eit naturleg byggefeltmiljø. Brukara vi ikkje få den same tryggheta ved plassering av bygg andre stader.

I tillegg til å skape brukartryggleik vil den korte avstanden til eksisterande sjukeheim og omsorgsbustadar ha økonomiske fordelar i forhold til drift av tenester samt gje moglegheit for auka fleksibelt i bruk av bygget. Ved å lokalisere eit slikt bygg saman med andre tenester kan ein og skape attraktive arbeidsplassar, som fremjar fagutvikling, tverrfagleg samarbeid og utvikling.


Den føreslåtte tomte treng berre mindre reguleringsendring av eksisterande plan. Her får ein utnytta eit elles utfordrande, og i andre samanhengar «ubrukeleg» terreng (som til dømes eksisterande plan for tomte –leik) og gje positive fordelar som å skape eit bygg som kan gje eit naturleg skilje mellom bustadar for eldre nede og personar med nedsett funksjonsevne oppe.

Behovet er stort og pressande og det er ynskjeleg å kome i gong med vidare arbeid snarast. Ein kan berekne oppstart av bygging på den føreslåtte tomte hausten 2017. “

I saka vart det presisert at det er viktig å sikre universell utforming, område for leik, avslapping og sansestimulering og tilrettelegging for personar med ulike behov.

Vurdering

Det er reguleringsplan for Hosteland Aust som gjeld for området som er peika ut til nye omsorgsbustader. I denne reguleringsplanen er det planlagde byggearealet lagt ut til leikeområde, og dette er vist som område C på utsnittet av plankartet nedunder. Det er kommunen som eig dei tre ubebygde bustadtomtene og leikearealet. For å sikra naudsynt armslag i reguleringsendringa har administrasjonen kome til at ei planendring bør omfatte alt areal som er vist innanfor den stipla linja på kartet. Planområdet vil då koma på ca 5,8 dekar.



For å underbyggja at det er dette området som må omregulerast vert det og vist til situasjonskart frå Ingeniør Aarland As dagsett 07.05.2015, som viser aktuell framtidig bruk av arealet. Ved å gjennomføra saka som ein formell reguleringsendring i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-14, sikrar ein både det juridiske grunnlaget for seinare byggjesakshandsaming, samt at naboar, offentlege etatar, brukargrupper m.fl. får delta i prosessen etter dei reglane som gjeld i § 12 i plan- og bygningslova.

Konklusjon

Rådmannen tilrår at det vert starta opp offentlig planarbeid for å omregulera det definerte området vist innanfor den stipla blå linja på kartutsnittet ovanfor.

Formannskapet - 018/2016

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Masfjorden kommune startar opp offentlig reguleringsendring i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-8, for deler av Hosteland Aust.

Det vert vist til kartutsnitt nedunder som viser planområdet som skal omregulerast.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FA - L12	16/97

Saknr	Utval	Type	Dato
019/2016	Formannskapet	PS	16.02.2016

Oppstart av reguleringsplan for Hostelands vest - kryss Ynnesdalsvegen

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert vedteke å starta opp offentleg reguleringsplan i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-8, for området Hosteland Vest – kryss Ynnesdalsvegen.

Det vert vist til skisse nedunder som viser planomrisset.

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta:

I samband med arbeidet med reguleringsplan for sentrumsområdet på Hosteland kom det krav frå Statens Vegvesen at reguleringsplanen måtte utvidast til krysset ved Ynnesdalsvegen. Det vert her vist til brev av 28.11.2014 der Statens Vegvesen skriv at det er viktig at planen har stort nok omfang for å sikra eit godt system for gåande og syklende i området. Det vert vist til utklipp frå brevet, sjå nedunder:


Planområde:

Når ein først regulerer eit areal på Hosteland med sentrumsfunksjonar, der mellom anna eit utvida tilbod til mjuke trafikantar står sentralt, er det viktig at planen har stort nok omfang for å sikre eit godt system for gåande og syklende i området. Ikkje berre gjeld det trafikk inne i Hosteland sentrum, men og mjuke trafikantar som skal til og frå sentrum, frå område med bustader og der det er potensiale for bustadbygging. Dette vil legge til rette for ein heilskapleg utvikling av G/S-veg i området. Ei slik løysing vil vere med på å danne grunnlaget for eit trygt lokalsamfunn.

Vidare skriv dei at det difor er eit absolutt krav at planområdet vert utvida slik at det omfattar kryssområdet Fv 570 og Fv374 med gang/sykkelveg frå sentrumsområdet. Dette vart formulert som eit motsegn, om ikkje kommunen tok dette til følgje. I nytt brev av 20.02.2015 skriv Statens Vegvesen at denne andre planen skal dekkja arealet fram til tunnelen på Hosteland, dette for å sikra gode trafikale løysingar for Hosteland.

Masfjorden kommune gjekk i dialog med Statens Vegvesen og etter drøftingar vart det semje om at sentrumsplanen for Hosteland kunne godkjennast, på vilkår om at kommunen kom i gang med eigen plan så raskt som mogeleg. Diverre hadde ikkje administrasjonen kapasitet til å starta opp planarbeidet i haust, slik at saka først vert fremja no.

Etter ulike drøftingar i høve til planbehovet i området har administrasjonen koma til at planområdet også bør omfatte naustområdet til bruka på Hosteland, samt det mindre byggjeområdet Treet, som ligg inne i kommuneplanen med plankrav. Det vert her vist til føresegnene til kommuneplanen punkt 2.1.1 der plankravet til ulike byggjeområde for bustader er klarlagt, og punkt 2.1.2 der naustområdet på mellom anna Hosteland m.fl. er definert. Nedunder er framlegg til planområde vist med stipla linje på eit utsnitt frå kommuneplanen sin arealdel. I vest er tunnelen grensa og i aust er sentrumsplanen for Hosteland grense. I tillegg har ein sikra tilstrekkeleg areal rundt krysset til å drøfta ulike vegløyningar knytt til krysset.



Vurdering

Administrasjonen meiner det er eit viktig å få regulert dette kryssoområdet, både fordi dette var eit krav frå Statens Vegvesen, men og fordi ein kan få innregulert nokre bustadtomter i dette sentrumsnære området, samt få løyst utfordringar knytt til naustmiljøet, der det har vore mange og lange søknadsaker, og som utan reguleringsplan har vorte stoppa av regionale styresmakter. Av den grunn rår ein til at ein regulerer dette strandområdet også, slik at ein kan få løyst fleire utfordringar samstundes i ein samla reguleringsplan. At ein utvidar området til både å gjelda naust- og byggjeområdet treng ikkje medføre at kostnaden med reguleringsplanen vert vesentleg fordyra, for hovudutfordringa slik ein ser det i dette planarbeidet vert først og fremst å finna gode løysingar knytt til vegkrysset og vegtilkomst til byggjeområdet. Det er difor viktig at ein inngår tett dialog med Statens Vegvesen tidleg i planarbeidet, og at god vegteknisk kompetanse vert nytta.

Konklusjon

Rådmannen tilrår at det vert starta opp offentleg planarbeid for det definerte området vist på kartutsnittet ovanfor.

Formannskapet - 019/2016

FS - behandling:

Ordfører Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Det vert vedteke å starta opp offentlig reguleringsplan i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-8, for området Hosteland Vest – kryss Ynnesdalsvegen.

Det vert vist til skisse nedunder som viser planomrisset.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE - 131, FA - U01	15/478

Saknr	Utval	Type	Dato
020/2016	Formannskapet	PS	16.02.2016
004/2016	Kommunestyret	PS	24.02.2016

Høyring - interkommunal nærings- og samfunnsplan for Nordhordland

Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Interkommunal nærings- og samfunnsplan	09.02.2016
Fakta grunnlag til høyring	09.02.2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune sluttar seg til den interkommunale nærings- og samfunnsplanen for region Nordhordland. Minner om tidlegare uttale, og at alle desse forholda må inngå.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Regionrådet i Nordhordland gjorde 25.01.2013 vedtak om å starte arbeidet med ein interkommunal nærings- og samfunnsplan for region Nordhordland.

Føremålet med nærings- og samfunnsplanen er å førebu Region Nordhordland på auka vekst i folketal og framtidige endringar i næringsliv. Nærings- og samfunnsplanen er ein plan for kommunane i Nordhordland og for Nordhordland utviklingsselskap (NUI). Mål, strategiar og handlingspunkt skal leggjast til grunn for kommunane sitt arbeid med å leggje tilrette for næringsutvikling.

Vurdering

Den interkommunale nærings- og samfunnsplanen har vorte til gjennom ein brei og inkluderande prosess, er kortfatta og handlingsorientert, og meiner kommunen kan slutte seg til planen og bruke den m.a. i samband med rullering av eigen strategisk næringsplan som må skje i løpet av denne valperioden.

Uttale

Planen har vore på høyring i kommunane tidlegare og, og Masfjorden ga følgjande uttale då;

Fra: Svein Helge Hofslundsengen
Til: Kari E Natland
Kopi:
Emne: 063/2015 Innspel til nærings- og samfunnsplan Nordhordland

Melding strategisk næringsplan.pdf (728 kB)

Masfjorden kommune har m.a. hatt planen oppe som sak i formannskapet, sak 73/15 den 9.juni, og har følgende innspel til førebels nærings- og samfunnsplan Nordhordland;

Under side 14, infrastruktur må Masfjordsambandet/bru over Masfjorden inn som del av handlingsplan 2016-17, ansvar Masfjorden kommune, regionrådet, Hordaland fylkeskommune.
Dette er eit sentralt og viktig prosjekt i den nordre del av regionen. Prosjektet er realiserbart i aktuelle planperiode, og sentrale avgjerd må finne stad i 2015-17.

Under side 7, forhold til andre planar ønskjer vi å vise til eigen strategisk næringsplan (sjå vedlegg) – som har ein del forhold som kan trekkast fram i ein regional plan og.

Høyring

Nordhordland Utviklingsselskap IKS vil oppmode alle høyringspartar til å nytte høve til å gje uttale til planen. Desse vil danne grunnlaget for den endelege nærings- og samfunnsplanen som er tenkt vedteke av Regionrådet i mars/april 2016.

Faktagrnnlaget som ligg ved strategidokumentet vart utarbeidd for, og vart nytta i, prosessarbeidet til planen.

Høyringsuttale sendast på e-post til post@nordhordland.net
Fristen er sett til 15. februar 2016.

Frist forlenga til 25.februar

Fakta

viser til sakstilfang

Konklusjon

Masfjorden kommune sluttar seg til den interkommunale nærings- og samfunnsplanen for region Nordhordland. Minner om tidlegare uttale, og at alle desse forholda bør inngå, og evt. politiske innspel vert tilført som tilleggsuttale til planen

Formannskapet - 020/2016

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Masfjorden kommune sluttar seg til den interkommunale nærings- og samfunnsplanen for region Nordhordland. Minner om tidlegare uttale, og at alle desse forholda må inngå.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FE - 144, TI - &37	15/955

Saknr	Utval	Type	Dato
021/2016	Formannskapet	PS	16.02.2016

Drøfting planstrategi for Masfjorden kommune 2016 - 2020

Vedlegg:

Journalposttittel

Planstrategi for 2016 - 2020 dagsett 09.02.2016

Dato

10.02.2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram til formannskapet for vidare drøfting.

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta

Bakgrunn og fakta:

Kommunen har etter PBL § 10-1 første ledd plikt til å vedta ein kommunal planstrategi seinast eitt år etter at det nye kommunestyret er konstituert. I lova står det at: Gjeldande planstrategi for perioden 2012 – 2016 vart vedteken i kommunestyret i møte den 30.10.2012. Det er det nye kommunestyret som er ansvarlig for utarbeidinga. Formannskapet vedtok oppstart av arbeid med ny planstrategi møte den 01.12.2015, sak 137/15.

Administrasjonen har drøfta utfordringane til Masfjorden og meiner at dei i stor grad er dei same som vart nedfelt i samfunnsdelen frå 2012.

Med utgangspunkt i dette har rådmannen laga til eit utfordringsdokument som vert vedlagd saka, og som ein inviterer til at formannskapet drøftar nærmare.

Vurdering

Rådmannen viser til at lova seier at:

«Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden.»

At kommuneplanen i utgangspunktet vert vidareført utan endringar for denne perioden

vil likevel ikkje hindra at kommunestyret kan gjera endringar i planstrategien dersom erfaringane med kommuneplanen eller nye utviklingstrekk viser at det er behov for rullering av kommuneplanen - heilt eller på særlege område. Utfordringsdokumentet som no ligg føre skal og fanga opp nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging, og rådmannen meiner at utfordringsdokumentet har fanga opp dette ved å peika på behovet for å få utvikla nye bustadmiljø i eksisterande bygdesentra både på Matre, Sandnes og Hosteland.

Når det ligg føre eit framlegg til ny planstrategi skal dette kunngjerast og sendast på høyring til regionale instansar m.fl.

Konklusjon

Rådmannen ber formannskapet med utgangspunkt i vedlagde utfordringsdokument drøfta kva utfordringar Masfjorden kommune har, og kva planbehov dette kan medføra for perioden 2016 – 2020.

Formannskapet - 021/2016

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland gjekk kort gjennom saka.

Ass. rådmann Sveinung Toft orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet:

Planstrategi for Masfjorden kommune 2016-2020 vert lagt ut til høyring.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Planstrategi for Masfjorden kommune 2016-2020 vert lagt ut til høyring.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Frode Vee-Haugen	FA - U60	16/128

Saknr	Utval	Type	Dato
022/2016	Formannskapet	PS	16.02.2016
005/2016	Kommunestyret	PS	24.02.2016

Unntaksregel for vidareføring av eksisterande sals- og skjenkeløyver i fire nye år

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune går inn for å halde fram med noverande ordning der sals- og skjenkestader må søke om nytt løyve for ein ny 4-årsperiode.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Alkohollova er endra slik at kommunale sals- og skjenkeløyver ikkje må gå ut etter fire år , som i dag, jf. alkohollova § 1-6.

Fakta

Det er innført ein unntaksregel i alkohollova som gjev kommunane høve til, etter eit kommuneval, å vedta at alle eller einskilde løyver kan vidareførast i inntil fire nye år utan krav om søknad om nytt løyve. Ein føresetnad for å gjera eit slikt vedtak er ein gjennomgang av alkoholpolitikken etter kommunevalet. Endringa gjeld frå og med 1. januar 2016 som eit nytt punkt i alkohollova, jf alkohollova § 1-6, 3. og 4. ledd:

«Kommunen kan beslutte at bevillinger etter første og annet ledd likevel ikke skal opphøre, men gjelde vidare for en ny periode på inntil fire år med opphør senest 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltre. Kommunen kan beslutte at ingen bevillinger skal opphøre eller fastsette nærmere retningslinjer for hvilke bevillinger det må søkes om fornyelse for. Ved fastsettelse av disse retningslinjene kan kommunen legge vekt på de samme forhold som ved behandling av ny søknad, jf. § 1-7a. I stedet for krav om fornyelse kan kommunen endre eller fastsette nye vilkår for bevillinger i samme utstrekning som ved behandling av ny bevilling, jf. §§ 3-2 og 4-3.

Beslutninger etter tredje ledd kan bare fattes dersom kommunen etter kommunevalget har foretatt en gjennomgang av alkoholpolitikken i kommunen, herunder vurdert bevillingspolitikken.»

Saka har vore drøfta i siste møte i kontaktutvalet for sals- og skjenkekontrollen.

Vurdering

I noverande lovgjeving er det eit krav om at før kommunestyret avgjer søknaden, skal det hentast inn uttale frå sosialtenesta og politiet. I tillegg kan det også hentast inn uttale frå skatte- og avgiftstenesta, jf. alkohollova § 1-7, 2. ledd.

I tillegg er det også eit krav om at løyvehavar og personar som har vesentleg innverknad på verksemda, må ha vist ein uklanderleg vandel i høve til alkohollovgjevinga og reglar i annan lovgjeving som har samband med formålet til alkohollova, jf § 1-7b.

Med ei slik ordning med vidareføring av løyve utan krav om nytt løyve så vil det blir vanskelegare for kommunen å få oversikt over endringar i verksemda samt innhente opplysningar som oppfyller noverande krav til søknaden.

Viss kommunen likevel ser det som formålstenleg å oppfylle noverande krav til vandel og uttale frå politi, sosialtenesta og skatte og avgiftsmyndighetene så må kommunen likevel hente desse opplysningane i samband med fornying av løyvet utan søknad. Det kan føre til meirarbeid om kommune sjølv aktivt må overvake at verksemda oppfyller lovkrava, eller enda risikere at dette blir oversett. Den beste måten å få oversikt over endringar i verksemda og oppfyling av regelverket elles er likevel ved å innlevere søknad.

Kommunestyret må uansett ta ein gjennomgang av alkohol- og løyvepolitikken ved handsaming og revisjon av alkoholpolitisk handlingsplan for neste periode.

Rådmannen tilrår difor at ordninga med søknad for oppattnying av løyva vert oppretthalde både for salsløyve og skjenkeløyve.

Konklusjon

Masfjorden kommune går inn for å oppretthalde eksisterande ordning med søknad for oppattnying alle løyver for ein ny 4-års periode.

Formannskapet - 022/2016

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Masfjorden kommune går inn for å halde fram med noverande ordning der sals- og skjenkestader må søke om nytt løyve for ein ny 4-årsperiode.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE - 004	15/48

Saknr	Utval	Type	Dato
023/2016	Formannskapet	PS	16.02.2016
007/2016	Kommunestyret	PS	24.02.2016

Skatteårsrapport 2015

Vedlegg:

Journalposttittel

Årsrapport fro 2015 frå Skatteoppkrevaren i Masfjorden kommune
Kontrollrapport 2015 vedk. skatteoppkrevjarfunksjonen

Dato

26.01.2016
17.02.2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Årsrapport for 2015 frå skatteoppkrevjaren vert teken til vitring

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Skatteårsrapport 2015 frå skatteoppkrevjaren 22.januar 2016 vert lagt fram for formell godkjenning

Vurdering

Skatteinngangen til kommunen låg lenge langt over landsgjennomsnittet gjennom 2015, men justering i oktober/siste kvarttal gjorde at ein ikkje fekk den store veksten året sett under eit.

AVVIKSANALYSE SKATTEINNGANG/BUDSJETT TOTALT

	Budsjett 2015	Skatteinngang 2015	Endring i kr forhold til budsjett	Endring i % forhold til budsjett
Januar	4 900	4 909	9	0,18 %
Februar	10 186	10 693	507	4,98 %
Mars	16 486	17 513	1 027	6,23 %
April	21 686	23 275	1 589	7,33 %
Mai	28 986	31 154	2 168	7,48 %
Juni	29 286	31 366	2 080	7,10 %
Juli	33 986	36 370	2 384	7,01 %
August	34 386	36 735	2 349	6,83 %
September	41 086	43 673	2 587	6,30 %
Oktober	41 486	43 119	1 633	3,94 %
November	50 186	51 822	1 636	3,26 %
Desember	50 286	51 990	1 704	3,39 %

Fakta

Viser til årsrapport for 2015 frå skatteoppkrevjaren i Masfjorden kommune, med følgjande totale skatte- og avgiftsinngangen for rekneskapsåret;

	År 2015	År 2014	Auke/nedgang i kr	Auke/nedgang i %
Kommune	51 990 669	50 840 487	1 150 182	2,21
Stat	55 721 818	52 768 909	2 952 909	5,30
Folketrygd	58 775 221	53 676 122	5 099 099	8,68
Fylkeskommune	11 003 167	10 788 383	214 784	1,95
Totalt:	177 490 875	168 073 901	9 416 974	5,31

AVVIKSANALYSE TOTAL SKATTEINNGANG

	2014	2015	Endring i kr forhold til skatteinng. 2014	Endring i % forhold til skatteinng. 2014
Januar	4 849	4 909	60	1,24 %
Februar	10 174	10 693	519	5,10 %
Mars	16 733	17 513	780	4,66 %
April	22 187	23 275	1 088	4,90 %
Mai	29 505	31 154	1 649	5,59 %
Juni	29 783	31 366	1 583	5,32 %
Juli	34 403	36 370	1 967	5,72 %
August	34 761	36 735	1 974	5,68 %
September	41 440	43 673	2 233	5,39 %
Oktober	41 864	43 119	1 255	3,00 %
November	50 740	51 822	1 082	2,13 %
Desember	50 838	51 990	1 152	2,27 %

Det er registrert ein merknad frå revisor, Pkt. 3.1 Restanseutviklinga

Skatteoppkrevjaren har fått tilbakemelding frå revisjonen på at det er rapporten Berostilte krav – detaljer som skal brukast for Masfjorden.

Sum berostilte krav skal difor vera 1 713 593 (ikkje 3 447 410).

Konklusjon

Tilråd at årsrapport for 2015 frå skatteoppkrevjaren vert teken til orientering og godkjent slik den ligg føre.

Formannskapet - 023/2016**FS - behandling:**

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte om saka.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Årsrapport for 2015 frå skatteoppkrevjaren vert teken til vitring

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE - 026	16/149

Saknr	Utval	Type	Dato
024/2016	Formannskapet	PS	16.02.2016

Utpeiking av representant til overordna samarbeidsutval for Nordhordland

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune sin faste representant i det overordna samarbeidsutval for Nordhordland vert Helga Ellingsen, og vara repr. Karstein Totland.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Regionrådet i Nordhordland har i møte drøfta sak om kommunane sin representasjon i Overordna samarbeidsutval for Nordhordland. Regionrådet vil tilrå at ein vidarefører ordninga med ei samansetjing med representantar frå politikk, administrasjon og fag, og at det i størst mulig grad bør sikrast gjennomgåande representasjon i Helseutvalet og i Samarbeidsutvalet.

Regionrådet har bedt NUI førebu ei felles sak til alle kommunane om representasjonen i Overordna samarbeidsutval for Nordhordland.

Regionrådet tilrår at saka får ei lokal handsaming, der kvar kommune formelt utpeikar fast- og vararepresentant til samarbeidsutvalet og gir denne eit mandat.

Overordna samarbeidsutval for Nordhordland(SU) er eit av fire samarbeidsutval mellom Helse Bergen HF, Haraldsplass Diakonale sykehus og kommunane i føretaksområdet.

Utvalet har medlemmer frå 8 kommunar; Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy og er ein sentral møtearena for samarbeidet mellom kommune- og spesialisthelsetenesta. Utvalets hovudfunksjon er å ivareta og vidareutvikla eit godt fagleg og organisatorisk samarbeid mellom tenestene.

Overordna samarbeidsavtale mellom sjukehusa og 23 kommunar i Helse Bergen sitt føretaksområde vert lagt til grunn for arbeidet i utvalet. I samsvar med avtalen skal den enkelte kommune utpeika representant til SU(fast- og vararepresentant). Representasjonen frå kommunane i Region Nordhordland er fordelt mellom politikk, administrasjon og fag.

Kommunane sin representasjon har endra seg sidan oppnemninga av representantar i 2012, tilsette har slutta og skifte av ordførarar i kommunane fører til at det blir endringar i kommunane sin representasjon i SU.

Det er viktig at den som møter i samarbeidsutvalet er kjend med avtaleverket, og har naudsynt mandat frå sin kommune om å representere.

Kommunale representantar i overordna Samarbeidsutval for Nordhordland pr. august

2015:

Kommune	Fast repr.	Vara repr.
Austrheim	Peter Kubon, kommuneoverlege	Jarle Gallefoss, kommunelege 2
Fedje Masfjorden	Ernst Horgen, kommuneoverlege Karstein Totland, ordfører	Vidar Bråthen, rådmann Marit Steinestø, varaordfører
Meland	Tord Moltumyr, kommuneoverlege	Nils Marton Aadland, ordfører
Modalen	Knut Moe, ordfører	Oddvin Neset, ass.rådmann
Lindås Osterøy	Terese Folgerø, kommuneoverlege Odd Ivar Øvregård, rådmann	Tove Legernes, sjukeheimslege Mette Fauskanger, seksjonsleiar for Helse, omsorg og sosial
Radøy	Johan Sandal, kommunalsjef helse og omsorg	Jarle Landås, rådmann

Konklusjon

Masfjorden	Karstein Totland, ordfører	Marit Steinestø, varaordfører
------------	----------------------------	-------------------------------

Formannskapet - 024/2016

FS - behandling:

Ordfører Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen la fram nytt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune sin faste representant i det overordna samarbeidsutval for Nordhordland vert Helga Ellingsen, og vara repr. Elin Eikemo.

Røysting:

Nytt framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Masfjorden kommune sin faste representant i det overordna samarbeidsutval for Nordhordland vert Helga Ellingsen, og vara repr. Elin Eikemo.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Maud Sleire Holmaas		16/85

Saknr	Utval	Type	Dato
025/2016	Formannskapet	PS	16.02.2016

Referatsak

Tilknytte dokument:

1. Godkjenning av Sandnes skule
2. Inneklimakartlegging ved Sandnes skule
3. Protokoll Nordhordlandsting 1-2016, 28. januar.
4. Spørsmål om arbeidsgjevaravgift og ulike soner og kommunesamanslåing
5. Spørsmål om forslag til nytt inntektssystem og kommunesamanslåing
6. Vedr. ny klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland 2015 – 2030.
7. Protokoll - Teknisk utval - 26.01.2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Formannskapet - 025/2016

FS - behandling:

Referatsaker:

1, Godkjenning av Sandnes skule2, Inneklimakartlegging ved Sandnes skule3, Protokoll Nordhordlandsting 1-2016, 28. januar.4, Spørsmål om arbeidsgjevaravgift og ulike soner og

kommunesamanslåing5, Spørsmål om forslag til nytt inntektssystem og kommunesamanslåing6,
Vedr. ny klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland 2015 – 2030.

7, Protokoll - Teknisk utval - 26.01.2016

FS - vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FA - U01, TI - &10	15/679

Saknr	Utval	Type	Dato
026/2016	Formannskapet	PS	16.02.2016

Medlemskap i Gulen og Masfjorden Næringshage

Vedlegg:

Journalposttittel
Standardavtale

Dato
26.08.2015

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune inngår medlemsbedriftsavtale med Gulen og Masfjorden næringshage.

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta:

Gulen og Masfjorden næringshage (GMNH) har sendt over førespurnad til Masfjorden kommune om kommunen kan inngå medlemsbedriftsavtale med dei. Dei har lagt ved medlemsbedriftsavtale for gjennomsyn, og for eventuell underskriving. Denne er vedlagd saka.

Vidare skriv dei at : «Vi håper dere vil være en del av næringshagemiljøet og bidra til økt vekst og utvikling gjennom samhandling.»

Som medlemsbedrift vil kommunen verta ein del av næringshagemiljøet og verta ein naturleg samarbeidspartnar. Ei medlemsbedrift vil få tilgang til nettverket til GMNH. Medlemsbedriftene vil og få rabatt på arrangement og seiminarer som skjer i regi av Næringshagen.

Kostnaden for Masfjorden kommune vil vera 3000,- per år ekv mva.

Vurdering

Rådmannen har vurdert tilbudet om å inngå medlemsbedriftsavtale med GMNH og meiner at ei kommunal delteking vil vera i samsvar med vedtekne mål og strategiar som er nedfelt i

kommuneplanen sin samfunnsdel, delmål 1, som handlar om aktiv næringspolitikk, og å utvikla næringsretta kompetanse i kommuneadministrasjonen, samt få til tett samarbeid med næringslivet.

Det vert og vist til den vedtekne Strategiske Næringsplanen av 13.09.2012, der det under kap 4.4 om entreprenørskap og innovasjon er føreslått fleire tiltak som handlar om nettverksbygging og å auka kompetansen til administrasjonen om etablering og innovasjon.

Konklusjon

Rådmannen rår til at Masfjorden kommune inngår medlemsbedriftsavtale med Gulen og Masfjorden næringshage.

Formannskapet - 026/2016

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Masfjorden kommune inngår medlemsbedriftsavtale med Gulen og Masfjorden næringshage.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE - 024, FE - 002	15/30

Saknr	Utval	Type	Dato
027/2016	Formannskapet	PS	16.02.2016
006/2016	Kommunestyret	PS	24.02.2016

Val av høyringsform - kommunereform

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Det vert halde rådgjevande folkeavrøysting i spørsmålet om Masfjorden skal slå seg saman med andre kommunar.
2. Folkeavrøystinga vert halden måndag 23. mai 2016.
3. Valstyret/rådmannen får ansvar for den praktiske gjennomføringa av folkeavrøystinga.
4. Røysteretten føl vilkåra for røysterett ved fylkestingsval og kommunestyreval (vallova § 2-2, (1) og (2)). I tillegg har alle som fyller 16 år i løpet av valåret (født i 2000) røysterett så langt dei fyller dei andre vilkåra. Skjæringsdato for borgarar frå anna nordisk land vert sett til 01.01.2016. For å kunne gi røyst må veljaren vere innført i manntalet i Masfjorden kommune.
5. Det skal innhentast manntal som inneheld alle med røysterett pr. 01.01.2016.
6. Det vert delegert til valstyre/rådmann å syte for utsending av valkort og utlegging av manntall i samsvar med vallova § 2-6 og handsame krav om retting i samsvar med vallova §§ 2-7 og 2-8.
7. Valstyret vert delegert mynde til å avgjere endelig utforming av røystesetlar.
8. Det skal leggjast til rette for å førehandsrøyste i perioden 9.05.2016 til 20.05.2016. Førehandsrøystinga følgjer reglane i vallova så lagt det er praktisk mogleg. Rådmannen oppnemner røystemottakarar og legg til rette for førehandsrøysting
9. Valstyret vert delegert fullmakt til å utarbeide prosedyre for postrøysting i same periode som det er opna for førehandsrøysting.
10. Valstyret avgjer kor røystegjevinga på valdagen skal føregå, fastset tider for røystinga og oppnemner røystestyre.
11. Reglane i kapittel 10 i vallova om godkjenning av røystesetlar, oppteljing og protokoll vert lagt til grunn så langt det er relevant.
12. Valstyret utarbeidar prosedyre for å handsame eventuell klage på røystinga, under dette avklare eksternt klageorgan.

Saksopplysningar:


Bakgrunn

Kommunane er pålagt å utgreie kommunestruktur og Kommunestyret må innan 30. juni 2016 gjere eit vedtak om ein går inn for kommunesamanslåing.

Masfjorden kommune har lagt til grunn 3 utgreiingsalternativ (Kommunestyresak 40/2015, 30.april)

- halde fram som eigen kommune,
- Nordhordland (alle eller deler av noverande kommunar i regionen)
- Masfjorden, Gulen, og (alt. Solund - Høyanger sør – Modalen)

Tidsramme for arbeidet inneber at kommunane må gjere ei endeleg avgjerd innan mai/juni 2016. Stortingshandsaming av ny kommunestruktur skal etter planen skje innan 1.halvår 2017, og ein legg legg til grunn at samanslåingane vil setjast i verk seinast frå 1. januar 2020.



Inndelingslova § 10 seier at innbyggjarane bør høyrast før Kommunestyret gjer vedtak om eventuell samanslåing.

§ 10. Innbyggjarhøyring

Kommunestyret bør innhente innbyggjarane sine synspunkt på forslag til grenseending. Høyringa kan skje ved folkerøysting, opinionsundersøking, spørjeundersøking, møte eller på annan måte.

Fylkesmannen i Hordaland har laga eit notat om rådgjevande folkerøysting i samband med kommunereforma. Konklusjonen i notatet er:

«Kommunane er ansvarleg for gjennomføringa av ei lokal folkerøysting, og står i prinsippet fritt til å organisere korleis den skal gjennomførast. Det kan likevel vere naturleg å bygge på prinsippa for kommuneval i vallova for å sikre ei forsvarleg gjennomføring.»

Kommunestyret må sjølv gjera vedtak om å leggje ei sak ut til rådgjevande folkerøysting. Styringsgruppa for kommunereform (utvida formannskap) har tilrådd denne høyringsforma. Ein reknar med at det kjem på plass intensjonsavtalar for dei 2 utgreiingsalternativa som ein forhandlar om i slutten av februar/starten av mars. Godkjenning av intensjonsavtalane legg ein opp til i formansnaksamøte i mars og ekstra Kommunestyremøte i mars. I Kommunestyremøte i april spissar ein grunnlaget til ein intensjonsavtale og halde fram som eigen kommune som grunnlaget for folkeavrøysting. Folkeavrøysting i mai, og endeleg avgjerd i Kommunestyremøte 22.juni 2016.

Det er berre høve til å halde rådgjevande folkerøystingar, og resultatet vil ikkje vera bindande for representantane i kommunestyra sine stemmegevingar.

Det store rommet for lokal utforming av folkerøystingar gjer at mange moment ved gjennomføringa må vedtakast lokalt. Desse prinsippa bør òg bli vedteke av kommunestyret sjølv.

Lovgrunnlaget for å halde lokale folkeavrøystingar er Kommunelova § 39b, som lyder:

1. Kommunestyret eller fylkestinget kan selv bestemme at det skal avholdes rådgivende lokale folkeavstemninger.

2. Kommunene og fylkeskommunene plikter å rapportere de opplysninger som departementet finner er nødvendig for å offentliggjøre informasjon om lokale folkeavstemninger.

Ut over dette er lokale folkeavrøystingar ikkje nemnt i andre lover. Det er heller ikkje omtala, heller ikkje i vallova som regulerer korleis val til Storting og kommunestyre/fylkesting skal gjennomførast, og kven som skal få stemme. I prinsippet står difor kommunen fritt til å bestemme både gjennomføring og manntal sjølv.

Samstundes har Norge tiltrått internasjonale avtalar som mellom anna Europarådet sin «Code of good practice for referendum» som gir nokså klare rammer når det gjeld tilhøve som at val skal vere hemmelige, at det skal vere allmenn stemmerett, at prosessane rundt valet skal vere slik at ein har tillit til resultatet m.m. Det kan difor vere praktisk å ta utgangspunkt i eksisterande vallovgeving når vedtaka knytt til gjennomføring av folkeavrøystinga skal fattast.

Dersom vi legg til grunn reglane i vallova skal/bør fylgjande spørsmål avgjerast av kommunestyret:

- At det skal vere folkeavrøysting
- Kva spørsmål det skal røystast over
- Valdag/valdagar
- Valstyre
- Røysterett
- Førehandsrøysting
- Brevrøysting
- Gyldig val

Fylgjande spørsmål kan kommunestyret velje å delegere

- Manntal
- Røystesetlar
- Stemmegjeving på valdagen
- Prøving av stemmegjeving og røystesetlar, oppteljing, protokollering mv.
- Klage

Vurdering

Valdag

Aktuell dato i regionen er sett til måndag 23 mai 2016. Vi rekk då endeleg handsaming i kommunestyret 22. juni.

Valstyre

Etter vallova skal det vere eit valstyre i kvar kommune som skal stå for den praktiske gjennomføringa av val til storting, fylkesting og kommunestyre. Rådmann gjer framlegg om at det ordinære valstyret får ansvar for å gjennomføre folkeavrøystinga. Ein legg opp til at folkeavrøystinga vert gjort så rasjonelt og effektivt som muleg – samt at ein opnar for at valstyret kan delegere oppgåver vidare til rådmann.

Røysterett

Rådmannen gjer framlegg om at vi legg kriteria for røysterett til kommunestyret/fylkestinget (§ 2-2 i vallova) til grunn for kven som skal ha røysterett ved folkeavrøystinga. I tillegg tilrår ein at alle personar som fyller 16 år i løpet av valåret (født i 2000) og som elles fyller vilkåra for å kunne stemme, får delta i folkeavrøystinga.

Økonomi. Kommunen får støtte med kr 100 000,- til å gjennomføre høyring i samband med spørsmålet om endringar i kommunestruktur. Som høyring reknar ein og folkeavrøysting. Om

folkeavrøystinga kan gjennomførast innan for ramma på 100 000,- er vanskeleg å sei på noverande tidspunkt, men det er ikkje avgjerande for spørsmålet om folkeavrøysting.

Konklusjon

Masfjorden kommune legg opp til å gjennomføre rådgjevande folkeavrøysting i samband med kommunereforma før sak og endeleg avgjerd vert gjort av Kommunestyret, og i tråd med framlegg til vedtak.

Formannskapet - 027/2016

FS - behandling:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

1. Det vert halde rådgjevande folkeavrøysting i spørsmålet om Masfjorden skal slå seg saman med andre kommunar.
2. Folkeavrøystinga vert halden måndag 23. mai 2016.
3. Valstyret/rådmannen får ansvar for den praktiske gjennomføringa av folkeavrøystinga.
4. Røysteretten følg vilkåra for røysterett ved fylkestingsval og kommunestyreval (vallova § 2-2, (1) og (2)). I tillegg har alle som fyller 16 år i løpet av valåret (født i 2000) røysterett så langt dei fyller dei andre vilkåra. Skjæringsdato for borgarar frå anna nordisk land vert sett til 01.01.2016. For å kunne gi røyst må veljaren vere innført i manntalet i Masfjorden kommune.
5. Det skal innhentast manntal som inneheld alle med røysterett pr. 01.01.2016.
6. Det vert delegert til valstyre/rådmann å syte for utsending av valkort og utlegging av manntall i samsvar med vallova § 2-6 og handsame krav om retting i samsvar med vallova §§ 2-7 og 2-8.
7. Valstyret vert delegert mynde til å avgjere endelig utforming av røystesetlar.
8. Det skal leggjast til rette for å førehandsrøyste i perioden 9.05.2016 til 20.05.2016. Førehandsrøystinga følgjer reglane i vallova så langt det er praktisk mogleg. Rådmannen oppnemner røystemottakarar og legg til rette for førehandsrøysting
9. Valstyret vert delegert fullmakt til å utarbeide prosedyre for postrøysting i same periode som det er opna for førehandsrøysting.
10. Valstyret avgjer kor røystegjevinga på valdagen skal føregå, fastset tider for røystinga og oppnemner røystestyre.
11. Reglane i kapittel 10 i vallova om godkjenning av røystesetlar, opteljing og protokoll vert lagt til grunn så langt det er relevant.
12. Valstyret utarbeidar prosedyre for å handsame eventuell klage på røystinga, under dette avklare eksternt klageorgan.

Rett utskrift av møteprotokoll frå formannskapet den 16.02.2016 vert vitna:

Karstein Totland	Torill Torsvik Størkensen
Ordfører	varaordfører